

Helse- og omsorgsdepartementet

Postboks 8011 Dep
0030 Oslo

Vår ref.:
2007/334 - 4149/2007

Deres ref.:
200701700-/CD

Saksbehandler:
Ingvill Skogseth, 51 96 38 12

Dato:
14.11.2007

Innspellsrunde - Problemnotat nasjonal strategi for svangerskaps-, fødsels- og barselomsorg


Vi viser til problemnotat i samband med nasjonal strategi for svangerskaps-, fødsels- og barselomsorg.

Helse Vest RHF har fått mange innspel på problemnotatet frå helseføretaka i regionen. Vurderingane og synspunkt på notatet er gjort ut frå ulik ståstad; frå store fødeavdelingar i Bergen og Stavanger og frå ei meir desentralisert tilnærming i Helse Førde og Helse Fonna. Vi legg i denne saka ved dei høyringsfråsegnene vi har fått inn frå våre fire helseføretak.

Helse Vest RHF har som regionalt helseføretak ikkje gjort ei heilskapleg vurdering av problemnotatet eller trekke endelege konklusjonar med omsyn til framtidsretta strategiar og tiltak som skal møte utfordringane når det gjeld nasjonal strategi for svangerskaps-, fødsels- og barselomsorg. Helse Vest RHF vil kome tydelegare tilbake når forslag til strategi kjem på høyring vinteren 2008. Vi vil likevel kome med eit par oppmodingar til problemnotatet.

Høyringsnotatet må vera presist når det gjeld ordbruk og omgrep. Vi vil åtvare mot innføring av nye omgrep som kan vere uklare og ukjente og som kan bidra til mistolkingar eller avsporing. Eit eksempel frå problemnotatet er "nettverk" og "nettverksorganisering".

Vidare må høyringsnotatet vera tydeleg på faglege krav og standarder til fødeinstitusjonar, og vere tydeleg på kva utfordringar omsorga for gravide og fødande har. Vi vil be om at det her blir gjort naudsynte nasjonale avklaringar.

Med helsing

Odd Søreide
Fagdirektør


Ingvill Skogseth
seniorrådgjevar

Vedlegg. Innspel frå helseføreaka i Helse Vest